



Oddvar Gjelsvik og Ellinor Lilleskare
Skarsvegen 534
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1662 - 14/12673

Saksbehandlar:
Sverre Solberg
SSO@lindas.kommune.no

Dato:
23.05.2014

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 147/1, 3, 4, 9, 25, 40, 45, 64, 75, 76, 77 og 86 på Sellevoll, 5911 Alversund.

Lindås kommune har oppdateringsavsvaret for Matrikkelen i kommunen.
Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå Jordskifte, Vegvesen og eldre skylddelingar.
Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggingsføremål og andre ting.

Det har vorte meldt inn feil i Matrikkelen på felles opplagsplass for gbnr 147/1, 4 og 9, av Oddvar Gjelsvik. Opplagsplassen var ikkje synleg i Matrikkelen. Sjå kartvedlegga «FØR grenseendringar» i forsendelsen ! For tilstøytande naboar i området har også nokre fått justert ein del av grenselinjene sine i Matrikkelen. Sume eigedomar med fleire bruksnummer i teigen, har også fått splitta eigedomane sine i fleire teigar etter beskrivelsene i skyldskifta.

Som tilstøytande naboar – gbnr 147/3, 25, 40, 45, 64, 75, 76, 77 og 86 – vert de varsla om desse endringane som er føretekte i Matrikkelen. Sjå kartvedlegga «ETTER grenseendringar» i vedlegga !

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Er det ynskje om å slå permanent i hop fleire bruksnummer til eit, er det moglig. Legg difor med skjema til dei det kan vara aktuelt for.

Kravet for å få dette tinglyst hjå Kartverket er at det må vera same eigar/eigarar av teigane ein ynskjer slå i hop, at dei må liggja inn til ein annan og at det ikkje må vera ulike hefter eller prioritetskollisjonar på desse.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Dette kan ein få rede på hjå Kartverket på Hønefoss. Tlf.nr. 08700. Denne tjenesta er i utgangspunktet gratis.

Med helsing

Tommy Veland
fagleiar

Sverre Solberg
avdelingsingeniør

Diverse vedlegg.

Mottakrar:

Oddvar Gjelsvik og Ellinor Lilleskare	Skarsvegen 534	5911	ALVERSUND
Margun Sellevoll og Steinar Hunskaar	Skarsvegen 469	5911	ALVERSUND
Johan Vibstad	Bekkesvingen 6	5096	BERGEN
Olav Bernhard Solheim	Haukedalen 170	5121	ULSET
Helge Ovaldsen	H0201	5038	BERGEN
	Øyjordsveien 25		
Kåre Norvald Sellevoll	Stenrødveien 47	1784	HALDEN
Sølvi Jensen og Jon Oskar Holsen	Myrdalshovden 50	5131	NYBORG
Anne Marit og Steinar Henry Jensen	Djupedalen 24	5124	MORVIK